

4. klasse foreldremøte 16. September 2013

Bjørge ønske velkommen til møtet og starta med å skryte litt av dei flotte ungane våre. Ho syntes det var kjekt å møte dei igjen etter sommarferien.

Kjekt å få nytt klasserom med nye store pulter, men enkelte av elevane syns det er litt mørkt ved pultane.

Klassemiljø: Dei har eit bra klassemiljø, men ein må alltid vere på vakt mot små klikkar og passe på at ingen vert haldt utanfor. Elevane vert minna på å sjå etter at ingen er aleine og at om nokon spør om å få verte med i ein leik så går det an å sei vent litt i staden for nei.

Norsk: Det er meir skriftlige oppgåver å gjere i 4 klasse enn dei er vande med frå 3 klasse og også lengre tekster i leselekse. Zeppelin arbeidsboka er bygd opp på same måten som i fjor og der er det masse tema som dei skal gjennom, men dei kjem ikkje til å gjere alle oppgåvene innanfor kvart tema. Oppgåvene er laga slik at det er meininga at dei skal kunne lese seg fram til sjølve kva dei skal gjere. Elevane har og fått utdelt kvar si ordbok som dei får til odel og eige og den er dei glad i og bruker flittig.

Elevane er begynt å slurve litt når dei skriv, angående høgde og plassering av bokstavane. Så Bjørge vil at me minner elevane på fin skrift heime og. Kor bokstavane skal ligge på linja osv.

Kvar fredag har dei ein liten stavskriftsjekk der elevane skriv ein liten tekst i ei bok som Bjørge deretter retter og setter raud strek under feil bokstav osv,

Foreldra som var tilstades på møtet uttrykte at dei var fornøgde med leksemengda og dei syntes det var bra at mykje av leksene ofte vart gjort på skulen i arbeidstimen.

Engelsk : Elevane er interesserte og flinke i engelsk. Og dei kvir seg ikkje for å lese lekse høgt i klassen. Dei lærer kvar veke nokre engelske gloser, men det er ikkje meininga at dei skal pugge dei og kunne skrive dei rett. Alt som kreves av dei i dette års trinnet er at dei kjenner igjen det engelske ordet og veit kva det betyr på norsk.

Matte: Dei har to forskjellige multi bøk, ei til å skrive rett inn i og ei fleirbruksbok der dei må føre oppgåvene inn i ei skrivebok.

Rle,samf : Elevane er veldig engasjerte i timane og føl godt med. Dei sitt som nokre lys når dei vert lest for og så pleier dei få oppgaver etterpå som dei jobber med utifrå teksten.

Naturfag: Dei har eit mål om å gå på ti litt lengre turar. Elevane har kvart sitt deltakarkort der det står oppført kva tur dei har gått på og kor mange poeng dei har fått?? På kvar tur får dei ulike oppgåver undervegs som dei skal løyse. Etter 10 turar vert det naturfest, der dei får utdelt medalje og diplom ☺ Dei har vore på tre turar allereie; Myking-Lauvollen, Myking-Skaugje og Myking-Sesstølen. Dei har og planar om å gå til Hodnekletten, Velandseggja, Skausneia, Selivarden, Haukåsskolten og Kolåstoppen og fleire som ikkje er heilt settla.

Mat: Elevane er så sultne om morgningen at dei pleier å ta to matpauser i løpet av dagen. I det første friminuttet får dei ete litt, men er då lurt å ha med noko som ikkje skal i micro for det har dei rett og slett ikkje tid til. Og så et dei igjen i matpausen.

Uteskule: Det er viktig at alle elevane har gode og varme uteklede på skulen og byttekle!!

Symjing; Måndag etter haustferien startar dei opp att med symjeundervisninga og den vil holde på fram til juleskulen startar. Dei reiser til bassenget på Ostereidet.

Gym; 3 og 4 klasse har gym ilag dette året og grunna at dei er så mange elevar og at det er fleire elevar som treng ekstra oppfølging vert det ikkje dusjing etter gymmen i år fordi det vil ta altfor lang tid. Ta med ei t skjorte som dei kan bytte til etterpå for dei vert gjerne sveitte. Kan og ta med gymtøy om dei vil bytte før og etter gym timen, men det vert altså ingen dusjing. Kom ønske frå foreldra om at elevane kunne bruke gymsko!? Det gir god demping, forhindrar beinhinnebetennelse og er varmt. Då må alle ha så ingen vert trakka på ;)

Avisveke i veke 44 : I løpet av veka skal dei lese masse aviser og så får dei eit hefte med oppgåver som dei skal jobbe utifrå. I fjor syntes Bjørg at oppgåvene dei skulle gjennom var lit kompliserte og merka at elevane fort vart lei så håper på betring i år

Bokbussen har ikkje dukka opp enda grunna nokre sjåførproblemer , men når alt er i orden er det venta at han skal komme i partalsveker.

Buss og beltebruk: Elevane SKAL bruke belte på bussen. Alle elevane har nett vore gjennom eit lite kurs med folk frå busselskapa der dei demonstrerte viktigheten med beltebruk. Elevane stilte mange fornuftige spørsmål og var engasjerte så håper kurset lærte dei litt om farene ved å ikkje bruke belte.

I løpet av denne veka kjem dei til å ha ein leseprøve, diktat og ein m3 prøve. M3 prøven er akkurat den same som dei hadde i slutten av 3 klasse.

Bjørg syns det virkar som at elevane syns at prøve er gøy! Dei sitt som nokre lys og jobbar flittig.

Årsplanen vart utdelt.

Bjørg syns det er kjekt at det er så god kontakt mellom foreldre og lærar ☺ Må berre ringe viss det er noko. Og foreldra var like fornøgde og syntes det var kjekt å kunne ta opp ting med eingang og ikkje måtte vente til avtalte møter og samtaler.

Foreldresamtalene vert gjennomførte i veke 39

Referent Veronica Oppedal.